

## Saksprotokoll i finansutvalet - 29.10.2020

### Fylkesrådmannen gir slikt svar:

Vi reknar at kostnaden med eit felles ungdomskort i heile Vestland fylke ligg ein stad mellom 5 - 10 mill. kroner ved at kunden slepp å kjøpe 2 produkt ved kryssing av gamle fylkesgrenser.

I gamle Hordaland har aldersgrensa lagt eitt år over dei nasjonale retningslinene, og det som er gyldig for Sogn og Fjordane. Ved å senke aldersgrensa til 19 år for heile Vestland fylke vil ein få ein auke i billettinntekter på om lag 3 - 5 mill. kroner ved at kunden må kjøpa dyrare produkt slik som student eller vaksenbillett.

I gamle Sogn og Fjordane har aldersgrensa lagt på dei nasjonale retningslinjene. Ved å auke aldersgrensa til 20 år for gamle Sogn og Fjordane, slik at den blir lik gamle Hordaland, vil ein få ein auke i kostnader på om lag 0,3-0,6 mill. kroner.

Etablering av Vestland og samanslåing av Skyss og Kringom til ein organisasjon medfører krav og forventingar om felles billettsystem og sonestruktur i heile regionen. Arbeidet med å greia ut felles takst- og sonestruktur i Vestland fylke er igangsett.